

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 26/2013

2013/EØS/31/25

av 1. februar 2013

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”EØS-avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1102/2008 av 22. oktober 2008 om forbod mot eksport av metallisk kvikksølv og visse kvikksølvambindingar og -blandingar, og om trygg lagring av metallisk kvikksølv⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Forordning (EF) nr. 1102/2008 må lesast slik at ein tar omsyn til det faktumet at handel med tredjestatar fell utanfor verkeområdet for EØS-avtala, og dermed skal dei føresegna i forordninga som forbyr eksport av kvikksølv, ikkje gjelde for EFTA-statane. Ettersom føresegna om kvikksølv som avfall er EØS-relevante, vil EFTA-statane likevel samarbeide for å sikre at eksportforbodet er effektivt.
- 3) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XX til EØS-avtala etter nr. 22 (rådsdirektiv 96/59/EF) skal nytt nr. 22a lyde:

”22a. **32008 R 1102:** Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1102/2008 av 22. oktober 2008 om forbod mot eksport av metallisk kvikksølv og visse kvikksølvambindingar og -blandingar, og om trygg lagring av metallisk kvikksølv (EUT L 304 av 14.11.2008, s. 75).

Forordningens bestemmelser skal for denne avtales formål gjelde med følgende tilpasning:

a) Artikkel 1 skal lyde:

’Eksport fra EU til EFTA-statene og omvendt samt mellom EFTA-statene av metallisk kvikksølv (Hg, CAS RN 7439-97-6), sinnober, kvikksølv(I)klorid (Hg₂Cl₂, CAS RN 10112-91-1), kvikksølv(II)oksid (HgO, CAS RN 21908-53-2) og blandinger av metallisk kvikksølv og andre stoffer, herunder kvikksølvlegeringer med en kvikksølvkonsentrasjon på minst 95 vektprosent, skal være tillatt.

Dette berører ikke strengere import- eller eksportforbud som finnes i en EFTA-stat på det tidspunkt denne forordning innlemmes i EØS-avtalen.

EFTA-statene skal treffe effektive tiltak for å sikre at kvikksølv og kvikksølvforbindelser og -blandinger som nevnt i første ledd, ikke eksporteres fra EU til en tredjestat gjennom en EFTA-stat. Det samme skal gjelde for blanding av metallisk kvikksølv med andre stoffer utelukkende for det formål å eksportere metallisk kvikksølv fra EU til en tredjestat gjennom en EFTA-stat. Dette får ikke anvendelse på eksport av forbindelser nevnt i første ledd, til forskning og utviklingsformål, medisinske formål eller analyseformål.’

b) Artikkel 9 får ikke anvendelse for EFTA-statene.”

Artikkel 2

Teksta til forordning (EF) nr. 1102/2008 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 2. februar 2013, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala(*)).

⁽¹⁾ TEU L 304 av 14.11.2008, s. 75.

(*) Ingen forfatningsrettslige krav angitt.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel, 1. februar 2013.

For EØS-komiteen

Gianluca Grippa

Formann